

Tambarskjelvar IL – Styremøte 4_2021

Hallen, 18.05.2021

Til stades: Anne Sofie, Pål Arve, Sigrid, Ann Karin, Runar, Siss-May

Fråver: Janne, Frode

Sak	Tema	Kva vi skal oppnå på møtet
10/2021	Søknad om støtte til ballbane Øyra -Løken, sjå vedlegg	<p>Søknaden er og sendt til fotballgruppa. Styret vil ta kontakt med fotballgruppa for å avklare:</p> <ul style="list-style-type: none">- Meiner fotballgruppa at dette er noko hovudstyret og fotballgruppa bør støtte? <p>Avh av avklaring med fotballen er styret positive til å gi støtte når kostnadene er avklart. Vi kan då gi støtte etter oversikt over medgåtte kostnader.</p> <p>Vi ber om avklaring frå Øyra/Løken:</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva er ev premissar for bruk av anlegget for idrettslaget? Vil det vere mogleg å reservere bana til faste tider? Er dette i tråd med føremålet til eit nærmiljøanlegg?
11/2021	Årsmøte 2020, sak 10.2 Tambarskjelvar IL opprettar eit aktivitetsfond der utøvarar kan søkje om støtte til idrettsleg aktivitet og utvikling. Hovudstyret i Tambarskjelvar IL fungerer som styre/disponent for fondet. Hovudstyret i Tambarskjelvar IL får fullmakt til å arbeide fram vedtekter/statuttar til eit slikt fond. Forslag til vedtekter vert lagt fram for gruppene før godkjenning.	<p>Drøfting av aktuelle vedtekter/statuttar for fondet.</p> <ul style="list-style-type: none">- Medlem i Tambarskjelvar- Søkjarar: Lag og individuelle- Sosiale arrangement - sosialt/teambuiding, trivsel og samhold- Sportsleg aktivitet, deltaking på stemner, cup, leige av trenar, inspirator osv. <p>Løpande handsaming, må ev justerast om vi får mange søknader.</p> <p>Oppretter enkelt søknadsskjema som stetter vedtektene/statuttane</p> <p>Styret ber om tilbakemelding frå gruppene på føreslegne vedtekter/statuttar.</p> <p>-</p>
12/2021	Medlemskontingent Drøfte kor tid vi skal fakturere medlemskontingent	<p>Siss-May sjekker om det er mogleg å få faktura frå KlubbAdmin som e-faktura eller vipps?</p> <p>Vi fakturerer medlemskontingenten i august/september.</p> <p>Vi oppfordrar alle gruppene til å fakturere treningsavgift gjennom KlubbAdmin. Vi tek gjerne ei felles økt til hausten for opplæring og samarbeid.</p>
13/2021	Sunnfjord Triatlon 2021 Drøfte om vi skal prøve oss på eit alternativt arrangement til hausten	<p>Vurdere om det er mogleg å ta sprintdistansen i eigenregi og registrere denne til eit digitalt arrangement/app.</p>

		Siss-May hører med sykkel- og triatlongruppa v/Steffen om interesse for eit slikt arrangement og om dei kjenner til moglege måtar å gjere dette på.
Ymse / orientering	<p>Minner om at gruppene må søkje Sunnfjord kommune om haltid frå hausten av. Frist for å søkje er no gått ut, men gj beskjed til Siss-May om det har glippa her. Siss-May sjekker om korleis ein ev kan tinge hallen for arrangement, helgar, privat bruk ol.</p> <p>Informasjon frå skulen - kameraovervaking Det er montert kamera som gir oversikt over aktivitet på skuleområdet utanom skuletid og SFO sine opningstider. Overvakinga følgjer regelverk for GDPR og opptak vert lagra på låst server på Sunnfjord rådhus.</p> <p>Vilkår for løyvet: - føremålet med overvakinga er preventivt å hindre hærverk på bygg og eigedom - overvakinga gjeld utvendig på skulen sitt område - overvaking/opptak vil skje utanfor skulen si opningstid, dvs heile døgnet i helg og skuleferiar og i tidsrommet 16:30-07:00 på kvardagar. Det er sett opp skilt om overvaking ved inngangar til skulen.</p> <p>Kva grep kan vi ta for å få opp aktiviteten i Tambarskjelvar? Allidrett for ungdom (frå 5.klasse og oppover, ev 2 grupperingar mellomtrinn og ungdomstrinn). Lågterskeltilbod Open hall? Fritidsklubben – samarbeid? Tambardagen! Tog gjennom bygda for å vise fram idrettsdaget – idrettsleg aktivitet – disko om kvelden.</p> <p>Tambarskjelvar på Teams – vi bestiller teams for hovudlaget og alle gruppene.</p> <p>Sjekk denne søknadsordninga: https://www.caverion.no/baerekraft/caverion-fondet/</p>	

Vedlegg 1

19.3.21

Til Tambarskjelvar IL v/styret og fotballgruppa

Gjeld økonomisk støtte til å bygge ballbane på Øyra Løken

Øyra Løken nærmiljøanlegg held på å realisere bygging av ei kunstgrasbane. Søknaden om spelemidler er godkjent og Sunnfjord kommune har forskottert spelemidlane.

Vi skal til å tinge kunstgras og har vurdert fleire alternativ. Vi har kome til at den typen vi la inn i kostnadsoverslaget ikkje er den beste, og at vi vurderer ein annan type som er litt dyrare.

Vi ser no at kostnadene med avretting og få asfalt kring bana kan vere rekna for lågt. Men her har vi kontakt med kommunen om eit samarbeid når dei no skal få inn tilbod på asfaltering for av kommunale vegar. Då kan vi få gjort det rimelegare enn om vi må gjere det som eit eige prosjekt.

Dette er bakgrunnen for at vi spør om Tambarskjelvar ved styret og/eller fotballgruppa kan yte noko støtte slik at vi kan få ei så god bane som mogleg. **Vi søker om støtte på inn til 30.000 kr.**

Vi legg ved budsjettet i spelemiddelsøknaden og ein oversikt på kva typer kunstgras vi vurderer. Når vi har fått avklara alle kostnader vil vi legge fram dokumentasjon for kor mykje støtte vi eventuelt har behov for.

Vurderingane over gjort i samarbeid med Bjørn Hundershagen som er styremedlem i Øyra Løken nærmiljøanlegg.

Med helsing

Øyra Løken nærmiljøanlegg
Åsmund Berthelsen (styreleiar)

Budsjett for ballbane m/kunstgras Øyra Løken nærmiljøanlegg					
Kostnader					
Asfalt og avretting				mva	
	Kjøp		19840	4960	
Kunstgras m/monetering, frakt					
	Kjøp		219000	54750	
	Dugnad		11400		
Administrasjon					
	Kjøp	(dugnd)	17962		
Avtaking masser					
	Kjøp		12000	3000	
	Dugnad		12000		
			292202	62710	354912
Finansiering					
Spelemidler	(søknadssum)				178000
Eigenkapital	(refusjon mva)				59710
Private tilskot (sparebanstiftinga)					103000
Dugnad					23400
					364110

Tilbod på kunstgras

					Novum	Goalgetter	Texblade	
Tilbydar					360	380	410	pr.m2
			600 m2		600	600	600	m2
Sport Vest	Type:	Kunstgras	186000	SafePlay	216000	228000	246000	
	Condor grass	Tape mm	7500					
	XL-strike	Striper mm						
		Arbeidsleiar	12000					
		Reise/diett	5500					
		Frakt	8000					
		Rigg og drift			11000	11000	11000	
			219000		227000	239000	257000	
		Mva	54750	0	56750	59750	64250	
			273750	0	283750	298750	321250	
Pr.m2	utan mva		365		378	398	428	